

Nærings- og Fiskeridepartementet,
Postboks 8118 Dep.,
0032 Oslo.

postmottak@fkd.dep.no



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM
Telefon : 53 43 01 00
Telefax : 53 43 01 01
Org. nr. : 979 494 009
www.alsaker.no

Dykkar ref. :

Vår ref. :

Dato : 13.01.2014

Rullerande gjennomsnittleg MTB – Høyringsfråsegn frå Alsaker Fjordbruk AS

1. Innleiing

Alsaker Fjordbruk AS er eit familieeigd havbruksselskap lokalisert til Onarheim, Tysnes kommune, Hordaland. I snart tretti år har selskapet vore eit av det mest lønsame havbruksselskapa internasjonalt. I 2013 passerte omsetninga ein milliard kroner og me ventar eit resultat på over 300 millionar kroner. Til grunn for den gode lønsemda har lege hardt arbeid og ein filosofi om å tenkje og handle enkelt.

Ut frå vår eigen filosofi er verksemda opptatt av auka forenkling knytt til havbruksnæringa. I Dykkar framlegg til endra produksjonsregime kan me ikkje sjå at det ligg nokre forslag til forenkling. Tvert om fryktar me ei auka byråkratisering knytt til utviklinga av næringa. Slik framlegga no ligg går dei på tvers av både vår eigen filosofi om utvikling, men ikkje minst òg Regjeringspartia sin filosofi og deira partiprogram.

2. Kort om tilpassing til dagens løysing

MTB-ordninga vart skipa av fiskeriminister Svein Ludvigsen i august 2003 med verknad frå januar 2005. Alsaker-konsernet sette seg godt inn i den nye ordninga og vedtok store investeringar innan settefisk for m.a. å byggje fleksibilitet til å utnytte mogelegheitene som låg i den nye ordninga. I tida frå 2004 til og med 2013 har me investert meir enn 1 100 millionar kroner i verksemda, av dette over 400 millionar kroner berre innan settefisk. Det har gjort oss i stand til i dag å utnytte MTB-ordninga på ein berekraftig og tilnærma optimal måte. I same periode er den årlege produksjonen på kvart matfiskløyve meir enn dobla, frå 725 tonn til over 1 500 tonn.

I den tida me har investert har me opplevd at mogelegheitene for vekst i vårt geografiske kjerneområde har gått ned, samstundes som ein politisk, vesentleg, har auka mogelegheitene lengst nord i landet. Sist i høve til dei Grøne konsesjonane. Når me les rapporten frå Sintef/Kontali, der det kjem fram at ein i nord på langt nær har utnytta dagens potensial samstundes som ein vil gje meir mogelegheit for vekst, kan ein stille spørsmål om rullerande MTB vil vere eit tenleg verkemiddel for berekraftig utvikling av næringa.

Der fleire av oss har teke store investeringar, tilpassa oss og lagt oss opp mot ei optimal og

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjølve
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjon
Bruk AS

Fjordbruk
Invest 3 AS

Fjordbruk
Service AS

Onarheim
Bruk AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS



berekraftig MTB-utnytting, føler me at ein mest vert straffa ved at nokre av dei som ikkje har gjort dette får meir produksjonsvolum og såleis kan skyve på endringar dei skulle ha tatt for lenge sidan. Slik slår ei endring i MTB-systemet noko uheldig ut for fleire av oss.

3. MTB regimet må sjåst i samanheng med andre reguleringar

Alsaker-konsernet driv si verksemd i Rogaland og Sunnhordland. Fire forhold ville letta situasjonen for vår bedrift meir enn forslaget til rullerande MTB:

- a) Hardangerfjorden er delt inn i soner. Rogaland er på veg. Sonene har sine føremonar, men samstundes tek dei bort ein fleksibilitet som mykje av landet enno har og som me ikkje er kompensert for jf. kompensasjonen dei helt nordlege delane av landet i dag har i form av auka MTB.
- b) Grensa på 250 gram for produksjon av smolt på land er eit direkte hinder for ytterlegare å utnytte dagens MTB-ordning i det at ei oppheving her ville gje ei langt betre fleksibilitet for utnytting av MTB-ordninga i sjø – spesielt på dei kalde tidane av året. Rett nok er det mogeleg å få dispensasjon til høgare smoltvekt, men dette er ei omfattande og byråkratisk prosess som burde vere heilt unødvendig, i alle høve for smolt opp til 500 gram.
- c) Paragraf 37 a i Laksetildelingsforskrifta legg spesielle hinder i vegen for ei betre fiskehelse og betre lokalitetsstruktur i heile Hardangerfjorden. Grunnlaget for forskrifta meiner me i dag er utjamna av soneforskrifta samt andre oppdaterte forskrifter knytt m.a. til lus. Samstundes opplever me ikkje situasjonen i Hardangerfjorden i dag som annleis enn i andre område i landet. Den førre regjeringa vedtok med rette å droppe forslaget om ei særskild forskrift for Hardangerfjorden, og då burde frysregelen i § 37a vore oppheva samstundes.
- d) Vår drift føregår i to grannfylke som ligg på kvar si side av ei regiongrense i Fiskeridirektoratet. Dette gjer at me har mykje mindre fleksibilitet i produksjonen enn om fylka hadde vore i same administrative region hos Fiskeridirektoratet. Me opplever dette som urimeleg. Me vert i dag handsama annleis enn t.d. Marine Harvest, og me får ikkje nytta fleksibiliteten i produksjonen på kvar side fullt ut, og dette er m.a. negativt for både fiskehelse og motarbeiding av ulike parasitter.

Ei endring i ovannemnde punkt vil gje vår verksemd meir fleksibilitet og større styrke innanfor dagens MTB-ordning enn ei endring i sjølve MTB-systemet. Samstundes vil ei slik endring utlikne den forskjellen me i dag opplever i vår produksjon samanlikna med resten av landet.

Alsaker-konsernet ynskjer å byggje nytt landanlegg for slakt- og vidareforedling av fisk. Kostnaden ligg på 400-500 millionar kroner. Ei endring i ovannemnde punkt er heilt sentral for at me skal få ein fleksibilitet som tillet ei slik investering.



4. Generelt om rullerande MTB

Ei endring i MTB-ordninga med rullerande MTB kan ha nokre positive effektar. Mellom anna vil ei slik ordning gje ei viss lindring til små oppdrettarar som i dag vert hardt råka av soneregimet. Rullerande MTB vil også kunne hjelpe i situasjonar der oppdrettarar må eller bør slakte ut delar av biomassen grunna sjukdom, lus og liknande.

Me er positive til at det vert vedteke reglar som bøtar på dei ovannemnde urimelege utslag av dagens reglar, men trur likevel at rullerande MTB berre vil vere ei utsetjing av ei større produksjonsreform som sitjande Regjering har varsla i sine partiprogram og som må koma. I eit slikt bilete burde ein gå lengre enn det som no ligg føre.

I høringsbrevet beskriv De eit lovverk der det faktisk er rom for å gå lengre og i det heile endre dagens system for regulering av produksjonen. Samtidig kjem det fram at anna regelverk i dag, t.d. innan fiskehelse, lus med vidare, faktisk overstyrer regelverket for produksjon og at dette skal ytterlegare styrkjast frå 2015. Me forstår ikkje frykta med å ta større endringsgrep i produksjonen all den tid andre regelverk knytt til fiskehelse og miljø faktisk styrer over produksjonsregelverket.

Som oppdrettar er me nøgd med å tene pengar. Det gjev oss grunnlag for ytterlegare investering. Og ytterlegare trygging av lokal verdiskaping i og utanfor eiga verksemd og samtidig trygging av lokale arbeidsplassar. Med ei pris opp mot 40 kroner per kilo i lange periodar tener me gode pengar. Men det bekymrar oss at forvaltninga sitt regelverk er fokusert på å styre marknaden. Slik prisane er i dag og slik produksjonsregelverket er lagt opp og regelverket er formulert i høve til marknadsomgrepet, er dette uheldig i ei internasjonal samanheng. Samtidig kan det vera med på å oppretthalde ei struktur i næringa som me over tid ikkje er tent med. Sistnemnde m.a. knytt til at fleire verksemder ikkje tek dei naudsynte omstillingane dei skulle ha gjort og såleis ikkje kjem opp på ei god nok berekraftig utvikling. Slik regelverket er forma, syr det puter under armene på nokre verksemder samstundes som det straffar dei som ligg i forkant, dei som investerar hardt for framtida.

Når me les høringsbrevet, og ikkje minst les mellom linjene, slår me fast at vekst som omgrep framstillast som ei fare for utviklinga av havbruksnæringa. Me vil understreke og slå fast at vekst, på ei sunn og berekraftig måte, ikkje er farleg men tvert i mot utviklande. Men da må veksten skje på like vilkår. Slik er det ikkje i dag.

Me fryktar at rullerande MTB berre vil bli ei mellomløysing som vil forseinke prosessen mot eit heilt nytt regime for produksjonsregulering, og som i tillegg vil ha store kostnadar i form av auka byråkrati og omfattande rapporteringspliktar. Difor kan me ikkje sjå at samfunnet og næringa er tent med ei slik løysing.

5. Særskilt om alternativ 3 i høringsbrevet

Me vil klårt gje uttrykk for at alternativ 3 i høringsbrevet er heilt uakseptabelt for oss, og me vil tru at det også gjeld for ei rekkje andre aktørar som har investert mykje i å tilpasse seg til dagens ordning. For oss vil alternativ 3 innebere ei reduksjon av produksjon og eit tap



av arbeidsplassar.

Me tek til etterretning at departementet i høyringsbrevet har brukt mykje plass på å argumentere for at alternativ 3 ikkje vil vere i strid med Grunnlova § 97. Me vil berre nemne at me ikkje er overttydd om at dette er riktig, og håper at departementet tek til vet og ikkje påtvingar oss eit regime som inneberer reduksjon av produksjonskapasitet når formålet med forskrifta er "å bidra til en mer industriell og markedsrettet produksjon i lakse- og ørretoppdrettsnæringen som er preget av store sesongmessige svingninger" (punkt 2 i høyringsbrevet).

Då må alternativ 4 vere ein betre løysing, då kan dei som meiner at rullerande MTB med reduksjon i løyve-MTB gjer ein betre løysing, velje å gå for det, medan me som allereie har tilpassa oss til dagens løysing kan halde fram med det.

6. Auka byråkratisering

Fiskeridirektoratet skriv i sitt høyringsvedlegg at dei ynskjer ei skjerping av regelverket knytt til rapportering på MTB-nivå. Dette er klart ei auka byråkratisering av produksjonen og vil føra til meir konflikt mellom forvaltning og næring. I seg sjølv er dette diskvalifiserande for å støtte ein rullerande MTB. Og skal Alsaker-konsernet støtte ein rullerande MTB, så må ordninga ikkje føre til mindre produksjon samanlikna med dagens ordning og samstundes må omlegginga ikkje føre til meir byråkrati. Skjer dette, er det eit sterkt brot på det me står for og ikkje minst det me har trudd at Regjeringspartia òg står for.

Me vil understreke at modige politikarar tek modige avgjerder. Thor Listau, Oddrunn Pettersen og Svein Ludvigsen har alle gjort dette i si tid innan havbruk. Oftast på tvers av kva næringa som heilskap har meint. Det positive er at ingen av dei som i dag er i næringa hadde ynskt å reversere nokon av dei avgjerdene dei tok i høve til "bortfall" av konsesjon på produksjon av settefisk, opninga for å kunne eige fleire matfiskkonsesjonar, eller bortfall av flytteforskrift og førkvotar. Det er noko å strekkje seg etter.

7. Avslutning

Me stillar oss open for ein dialog med Nærings- og Fiskeridepartementet i saka, og høyrer gjerne frå departementet om ein skulle ynskje at me i møte eller på annan måte kan diskutera korleis me kan utvikle næringa til det beste for både samfunn og næring.

Venleg helsing
Alsaker Fjordbruk AS

Gerhard Meidell Alsaker